



"SÅMANNEN I AKSJON": Bjørn Holum i midten bak får låtten fram både hjå medsongarar og publikum i rolla som "den glade såmann". Han gir alt i si syngande oppjazzing av salmen "Gå, gå, høsten er stor".

"Såmannen" stal showet

RADØY: Misjonssalmen "Gå, gå, høsten er stor" har knapt vore så oppjazzet som i SKRUK sin versjon i Manger kyrkje lørdag ettermiddag – med Bjørn Holum som "den glade såmannen".

RANDI BJØRLO
randi@nordhordland.no

- "The happy Farmer" kalla vi denne misjonssalmen på turneen vår i California i fjor, seier dirigent Per Oddvar Hildre. At det slettes ikkje var noko dum nemning, får ei fullsett Manger kyrkje erfara når 2. bassist Bjørn Holum legg sjela i å verkeleg jazz opp den kjende salmen til uante høgder. Så inderleg er dei rytmane som kjem ut mellom leppene hans, at både publikum og medkoristar må sleppa låtten laus.

Eit musikalsk koldtbord

På programmet denne lørdags ettermiddagen står eit utvida a

cappella repertoar. Eller eit musikalsk koldtbord, med ulike smakar, krydder og små rettar – som dirigenten kallar det.

- Det er 15 år sidan sist vi var her, og no er vi i litt vårleg stemning, særleg etter den friske vårvinden som møtte oss her på Manger, seier Hildre – etterat eit syngande kor har bevegde seg gjennom kyrkjerommet og funne plassane sine.

Så følgjer den eine imponerende korsongen etter den andre, frå SKRUK som kunne feira 35 års jubileum i påsken, og som har gitt ut ei rekkje Cd'ar og vore på mange turnear både i inn- og utland i løpet av desse åra. Eit begeistra publikum får servert alt frå vakker salmesong, via folkemelodiar til negro spirituals.

Spesielle arrangement

Hildre fortel at dei opp gjennom åra har møtt og hatt samarbeid med mange spennande komponistar og musikarar, og fleire har gjort spesielle arrangement for SKRUK. Både norske og irske tonar, i lag med sydstatsmelodiar vert presenterte. Likeeins "La



SOPRAN: 1. sopran Tone Haugen Honningsvåg var mellom anna solist på opningsongen "We shall walk in peace".



SOLISTAR: 1. alt Kirsten Ragnhild Grimstad og 2. bass Holum i aksjon som solistar.



HIMSELF: Dirigent Per Oddvar Hildre i velkjent positur.

den brenne", med tekst av Erik Hillestad, tonesett av komponisten Galib Mamedov frå "eldlandet" Azerbadjan. Før ekstranummer og takk til eit impone-

rande ungdomskor på 35, framfører SKRUK "Kyrie" i Iver Kleive sin komposisjon.

Konserten kan enkelt oppsummerast slik ei av dei aller

ynge publikumarane sa det til mor si: - Eg hadde angra meg viss eg ikkje hadde gått på denne konserten.

Velkomen tilbake, SKRUK!